

Velkommen til KODE B-samlingar
og gudsteneste med utdeling av
teikneserieboka Action Bibelen.



Stad: Vassenden kyrkjesenter
Dato: måndag 24.februar + måndag 3.mars
Gudsteneste i Ålhus kyrkje 9.mars 2025

Du som blir 10 år i løpet av 2025 i Ålhus sokn er invitert til to Kode B-samlingar og gudsteneste!

Måndag 24.februar og måndag 3.mars kl. 12.15 - 14.30 inviterer vi til samlingar på Vassenden kyrkjesenter. Då skal vi utforske og bli meir kjent med Bibelen. Og kva betyr egentleg «KODE B»? Det blir ulike aktivitetar, leikar og kodekneking! Vi skal ete noko godt i lag og gjere førebuingar til gudstenesta den 9.mars. Trusopplærar Gerd hentar dykk ute på plassen ved administrasjonen på skulen kl 12.15. Dei som skal rekke skulebussen heim att kl 14.30, blir køyrte tilbake.

Søndag 9.mars kl.11.00 er det familiegudsteneste i Ålhus kyrkje der du vil få utdelt ei flott teikneserie-bok som heiter Action Bibelen som ei gåve frå kyrkjelyden. Vi skal også delta i gudstenesta med både skodespel, song og «rapp».

Viss du berre har anledning til å delta på eitt eller to av dei tre arrangementa, så går det bra. Berre gje beskjed ved påmelding.

Vi håpar DU kjem!! Hjarteleg velkomen!



Til føresette:

Trusopplæring

Kyrkja og heimen har eit felles ansvar for å lære borna om den kristne trua dei er døypte til. Difor inviterer vi til dette trusopplærings-arrangementet.

Din 4.-klassing

Har barnet ditt behov for spesiell tilrettelegging med omsyn til mat eller andre tilhøve? Ta kontakt på førehand!

Påmelding

Send påmelding innan **fredag 21.februar** på sms til Gerd: 41693870.

NB! Hugs å oppgje namnet på barnet, evt behov for tilrettelegging, matallergiar og kva for dagar barnet blir med på samling. Vi må også vite om barnet ditt skal tilbake på sfo eller ta skulebuss etter samlingane.

Dersom de har spørsmål, er det berre å ringe til Gerd.

I løpet av arrangementet kan det hende vi tek bilete som kan bli publisert i kyrkjelydsbladet eller anna informasjonsmateriell. Meld frå dersom du ikkje ynskjer at bilete av ditt barn vert publisert.

Portrettbilde vert ikkje publisert/brukt utan samtykke frå føresette til den som er på bildet.

**Vennleg helsing Gerd Sunde Førde
(trusopplærar).**



Neste trusopplæringsarrangement for 10-åringar:

Til hausten håpar vi at vi kan invitere deg til **Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter**, i lag med 10- og 11-åringane frå heile Jølster.